



## Søknad om driftskonsesjon etter mineralloven § 43

Søknaden med vedlegg sendes til:

Direktoratet for Mineralforvaltning  
med Bergmesteren for Svalbard  
Postboks 3021 Lade  
7441 Trondheim

E-post: mail@dirmin.no

Telefon Sentralbord: (+47) 73 90 40 50  
Hjemmeside: [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

### 1. Innledning

1.1 Om søkeren		
Søkers navn/firma:		Organisasjonsnummer:
Postadresse:		
Postnummer:	Sted:	Land:
Telefonnummer:	Mobiltelefon:	E-postadresse:
Kontaktperson (med fullmakt vedlagt fra søker dersom kontaktperson ikke kan representerer søker, se punkt 12):		
Postadresse:		
Postnummer:	Sted:	Land:
Telefonnummer:	Mobiltelefon:	E-postadresse:

1.2 Tiltakets geografiske beliggenhet			
Navn på uttaket/området:			
Geografisk beliggenhet:	Gnr.	Bnr.	Festenr.
Kommune:		Fylke:	
Størrelse på arealet (daa):		Størrelse på området det søkes konsesjon for skal angis på kart og koordinatfestes. Kartet skal vedlegges søknaden (se punkt 12).	

1.3 Eksisterende inngrep		
1.3.1 Masseuttak		
i) Har det tidligere vært foretatt uttak i det aktuelle området?	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>
ii) Har søker selv tidligere foretatt uttak i det aktuelle området?	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>

### 1.3.2 Andre fysiske tiltak

Andre fysiske inngrep som veier, jernbaner, kraftlinjer, osv. i konsesjonsområde og i umiddelbar nærhet beskrives her:

### 1.4 Grunneiere til området

Eiere (hjemmelshavere) til grunnen for omsøkt konsesjonsområde skal angis med navn, gårdsnummer, bruksnummer og evt. festenummer, postadresse og poststed.

Navn:	Postadresse:	
Gnr./bnr./fnr.	Postnr.	Sted.

### 1.5 Utvinningsrett til konsesjonsområdet

#### 1.5.1 Utvinningsrett til Statens mineraler (sett kryss for riktig alternativ)

- i) Det foreligger utvinningsrett/er etter mineralloven

- ii) Det foreligger utmål etter bergverksloven

#### 1.5.2 For søknad om utvinningsrett til grunneiers mineraler (sett kryss for riktig alternativ)

- i) Det foreligger utvinningsavtale med grunneierne for omsøkt konsesjonsområde  
*Avtalene skal vedlegges søknaden i sin helhet (se punkt 12).*

- ii) Det foreligger avtaler med annen rettighetshaver til forekomsten enn grunneier  
*Avtalene skal vedlegges søknaden i sin helhet (se punkt 12).*

- iii) Søker er selv grunneier til omsøkt konsesjonsområde  
*Utskrift av grunnboken skal vedlegges søknaden (se punkt 12).*

## 2. Beskrivelse av tiltaket

### 2.1 Beskrivelse av type forekomst

Søknaden gjelder konsesjon for uttak av (sett kryss for riktig alternativ).

- i) byggeråstoff (løsmasser som sand og grus, eller fast fjell - pukk)

- ii) naturstein (eks. skifer, murestein og blokkstein)

- iii) industrimineral (eks. kvarts, kalkstein, olivin etc)

- iv) metallisk malm

## 2.2 Planlagt uttaksvolum

Planlagt <u>årlig</u> uttaksvolum av mineralforekomsten i driftsperioden:	m <sup>3</sup>	
Planlagt <u>samlet</u> uttaksvolum av mineralforekomsten i hele driftsperioden:	m <sup>3</sup>	

## 2.3 Tiltakets status etter plan- og bygningsloven

### 2.3.1 Kommuneplan

Området det søkes konsesjon for er i kommuneplanens arealdel lagt ut til følgende formål (beskriv):

### 2.3.2 Reguleringsplan (kryss av for riktig alternativ i) eller ii))

- i) Tiltaket er omfattet av en reguleringsplan

Navn på plan og plan ID:

Vedtaksdato:

- ii) Tiltaket er ikke omfattet av en reguleringsplan,  
men området er under regulering til formålet/masseuttak

### 2.3.3 Dersom tiltaket har dispensasjon etter pbl.

Type tillatelse:

Vedtaksdato:

*Dispensasjonsvedtaket skal vedlegges søknaden (se punkt 12).*

## 2.4 Driftsplan (kryss av for riktig alternativ)

- i) Tiltaket har ikke tidligere godkjent driftsplan

- ii) Tiltaket har allerede driftsplan som er godkjent av DMF

*Dersom tiltaket ikke tidligere har godkjent driftsplan, skal forslag til driftsplan vedlegges søknaden (se punkt 12).*

### **3. Tiltakets påvirkning på omgivelsene og miljøet**

Her skal det gis en beskrivelse av følgende forhold under punktene 3.1 – 3.5:

#### **3.1 Risiko for skade på omgivelsene**

Beskriv risiko for skade på eiendom, mennesker, husdyr og tamrein:

#### **3.2 Tiltakets påvirkning på naturmangfoldet**

Beskriv eventuelle påvirkninger tiltaket kan få for naturmangfoldet:

#### **3.3 Tiltakets påvirkning på kulturminner**

Beskriv eventuelle påvirkninger tiltaket kan få for kulturminner i området:

#### **3.4 Forurensing (støv, støy og avrenning)**

Beskriv negative konsekvenser ved tiltaket som støv, støy og eventuell avrenning, inkludert påvirkning på drikkevannskilder og vassdrag:

### **3.5 Avbøtende tiltak**

Beskriv mulige avbøtende tiltak som kan bidra til å redusere negative effekter angitt i punktene 3.1–3.4:

## **4. Spesielt for søknader som gjelder uttak i Finnmark**

Opplysninger om direkte berørte samiske interesser i området som det søkes konsesjon for og tilgrensende områder.

## **5. Planer for etterbruk eller tilbakeføring av området**

Driftsplanen for tiltaket skal inneholde en avslutningsplan med en nærmere beskrivelse av etterbruk eller tilbakeføring av området etter avsluttet uttak av masser, se punkt 2.4 over og driftsplanveilederen.

Sammendrag av plan for slik etterbruk eller tilbakeføring.

## 6. Søkers samlede tekniske og bergfaglige kompetanse for driftens av uttaket

Navn på bergteknisk ansvarlig for uttaket:	
Navn.	Beskrivelse av kompetanse (formell utdannelse, avgangsår og praktisk relevant erfaring).*

\* Dokumentasjon på formell utdannelse, avgangsår og praktisk relevant erfaring skal vedlegges søknaden (vitnemål/kursbevis og attestater) (se punkt 12).

Følgende personer med tekniske og bergfaglige kompetanse er ansatt hos søker:	
Navn.	Beskrivelse av kompetanse (formell utdannelse, avgangsår og praktisk relevant erfaring).*

\* Dokumentasjon på formell utdannelse, avgangsår og praktisk relevant erfaring skal vedlegges søknaden (vitnemål/kursbevis og attestater) (se punkt 12).

**Søker har fast tilgang til tekniske og bergfaglige kompetanse hos følgende personer innenfor konsernet\*:**

Navn.	Virksomhetens navn (innenfor konsernet).	Beskrivelse av kompetanse (formell utdannelse, avgangsår og praktisk relevant erfaring).**

\* Dokumentasjon på formell utdannelse, avgangsår og praktisk relevant erfaring skal vedlegges søknaden (vitnemål/kursbevis og attestater) (se punkt 12).

\*\* Søkers tilgang til kompetansen skal dokumenteres ved avtale som vedlegges søknaden (se punkt 12).

**Søker har ved innleie av følgende personer tilgang til tekniske og bergfaglige kompetanse\*:**

Navn.	Virksomhetens navn (innleid selskap, eks. konsulentsselskap).	Beskrivelse av kompetanse.

\* Dokumentasjon på formell utdannelse, avgangsår og praktisk relevant erfaring skal vedlegges søknaden (vitnemål/kursbevis og attestater) (se punkt 12).

## 7. Økonomi

<b>7.1 For virksomheter med oppstart av uttak i området etter 01.01.2010</b>	
7.1.1 Oversikt over nødvendige investeringer for å åpne uttaket og finansieringsplan	
Investeringer	Sum
Maskiner og utstyr (spesifiser).	
Eventuelle leie av maskiner og utstyr (spesifiser).	
Tilrettelegging (adkomst, avdekning, lagerområder, bygninger - spesifiser).	
Andre kostnader (spesifiser).	
<b>Sum</b>	

<b>Finansieringsplan</b>	<b>Sum</b>
Egenkapital.	
Lån (spesifiser).	
Andre finansieringsløsninger (spesifiser).	
<b>Sum</b>	

#### **7.1.2 Budsjett**

*Det skal vedlegges et budsjett til søknaden for de første driftsårene (se punkt 12). Budsjettet skal vise markedssituasjonen og prisnivået for produktet. Dersom prisnivå må kunne antas å ligge over den normale markedsprisen, bør denne dokumenteres med en leveranseavtale.*

#### **7.2 For virksomheter med oppstart av uttak i området før 01.01.2010**

*Godkjent årsregnskap for de siste to år skal vedlegges søknaden (se punkt 12).*

### **8. Økonomisk sikkerhet**

Forslag til økonomisk sikkerhetsstillelse for gjennomføring av sikrings- og oppryddingstiltak etter mineralloven (Forslaget skal inneholde både forslag til sikkerhetens størrelse og form. Hvordan søker har beregnet seg frem til sikkerhetens størrelse skal begrunnes.).

## **9. Tiltakets betydning for verdiskaping og næringsutvikling**

Beskriv forhold som sysselsettingseffekter, skatteinntekter, markeds- og eksportmuligheter, eventuell effekt for innovasjon og nye virksomhetsområder osv.

## **10. Private interesser som kan bli berørt av tiltaket**

### **10.1 Eiere av naboeiendommer til konsesjonsområdet**

Oversikt med opplysninger om navn på eiere (hjemmelshavere) av naboeiendommer til konsesjonsområdet (naboliste) med postadresse og poststed. Oversikten kan også følge som vedlegg.

Rettighetshavers navn	Postadresse	Poststed

### **10.2 Opplysninger om andre kjente rettighetshavere**

Rettighetshavers postadresse og poststed skal fremgå av oversikten.

Eier/rettighetshavers navn	Postadresse	Poststed	Kort beskrivelse av rettighet

## 11. Behandlingsgebyr (sett kryss)

i) Tiltaket krever ikke konsekvensutredning og gebyr kr. 10.000,- er betalt	<input type="checkbox"/>
ii) Tiltaket krever konsekvensutredning etter forskrift om konsekvensutredninger og gebyr kr. 20.000,- er betalt	<input type="checkbox"/>
<i>Det skal vedlegges dokumentasjon på at behandlingsgebyret er betalt (se punkt 12).</i>	

## 12. Vedlegg til søknaden

Følgende dokumenter skal vedlegges søknaden og med det innhold som beskrevet nedenfor:

**Punkt 1.1:** Fullmakt dersom relevant.

**Punkt 1.2:** Kart, koordinatfestet.

**Punkt 1.5.2:** For grunneiers mineraler der søker ikke er grunneier selv: Avtaler om utvinningsrett med eventuelle vedlegg.

For grunneiers mineraler der søker er grunneier: Utskrift av grunnboken.

**Punkt 2.3:** Eventuelle dispensasjonsvedtak etter plan- og bygningsloven.

**Punkt 2.4:** Forslag til driftsplan.


**Punkt 6:** Dokumentasjon på kompetanse som angitt i \*) og \*\*) under punkt 4.

**Punkt 7.1:** For virksomheter med oppstart av uttak i området etter 01.01.2010:  
Budsjett som angitt under punkt 7.1.2.

**Punkt 7.2:** For virksomheter med oppstart av uttak i området før 01.01.2010:  
Godkjent årsregnskap for de siste to år.

**Punkt 11:** Dokumentasjon på at behandlingsgebyret er betalt.

# Industritomt Haramsøya i Ålesund kommune



Konsesjonsområde  
Industritomt Haramsøya i Ålesund kommune



Ålesund  
Møre og Romsdal

5172 Industritomt Haramsøya

Aakre Anlegg AS, Haramsvegen 363, 6290 Haramsøy.

# **INDUSTRITOMT PÅ GBNR. 313/3 PÅ ÅKRE PÅ HARAMSØYA I ÅLESUND KOMMUNE**

## **DRIFTSPLAN FOR UTTAK AV FJELLMASSE**



**Driftsplan  
28.02.2020**

## Innhold

<b>1</b>	<b>Samandrag.....</b>	<b>2</b>
<b>2</b>	<b>Bakgrunn .....</b>	<b>3</b>
2.1	Hensikta med planen .....	3
2.2	Forslagstiller, plankonsulent, grunneigar.....	3
2.3	Lokalisering.....	3
<b>3</b>	<b>Planstatus.....</b>	<b>3</b>
3.1	Gjeldende reguleringsplanar .....	3
3.2	Arealdelen av kommuneplanen.....	4
3.3	Omliggande område .....	6
3.4	Grunneigarar og naboeigedomar.....	6
<b>4</b>	<b>Situasjonen i planområdet i dag.....</b>	<b>7</b>
4.1	Kartgrunnlag .....	7
4.2	Dagens arealbruk og tilstøtende arealbruk .....	7
4.3	Dagens drift .....	8
<b>5</b>	<b>Planlagt drift .....</b>	<b>9</b>
5.1	Planlagt sikring.....	9
5.2	Vegginkel, pallvinkel .....	9
5.3	Volum, årleg produksjon.....	10
5.4	Avdekningsmasser og vegetasjon .....	10
5.5	Eksisterande produktlager og installasjoner.....	10
5.6	Planlagte installasjoner og andre tiltak .....	11
5.7	Ressursen, geologiske forhold .....	11
<b>6</b>	<b>Berguttaket.....</b>	<b>12</b>
6.1	Generelt om gjennomføringa .....	12
6.2	Etappevis uttak .....	12
6.3	Planlagt opprydding og sikring under drift .....	17
<b>7</b>	<b>Avslutning av berguttaket.....</b>	<b>17</b>
<b>8</b>	<b>Overvatn - Reinsing.....</b>	<b>21</b>
<b>9</b>	<b>Omsyn til natur og omgivnader.....</b>	<b>22</b>
9.1	Naturfare .....	23
9.2	Naturmangfold.....	23
9.3	Risiko for skade på omgivelser .....	23
9.4	Skjerming, motorstøy, støv og innsyn.....	23
<b>10</b>	<b>Referanser .....</b>	<b>24</b>
<b>11</b>	<b>Vedlegg – Driftsplanen sin teikningsdel .....</b>	<b>24</b>

## 1 Samandrag

Ha-Plan AS er engasjert av Aakre Anlegg AS for å søke om løyve for tiltaket:

«Industritomt på gbnr. 313/3 på Åkre på Haramsøya». Søknaden gjeld uttak av fjellmasser for etablering av industritomt. Tomta er planlagt som tilleggsareal til eksisterande industrianlegg som er eigd av Aakre Industribygg AS. På området er det i dag etablert ei mekanisk bedrift, Norwest AS, med 20 tilsette.

I samband med søknaden om løyve til tiltak for etablering av industritomta kom det tilbakemelding fra Haram kommune om at det måtte søkast om driftskonsesjon etter minerallova for tiltaket.

Vedlagt søknaden om konsesjon er det krav om vedlagt driftsplan.

## 2 Bakgrunn

### 2.1 Hensikta med planen

Planen er å ta ut masser i den framtidige industritomta etter kvart som det kan leverast fyllmasser til anlegg i nærleiken.

Ved tidlegare utbyggingar av industriområdet har det vore levert sprengstein til hamneutbygging og andre føremål på Haramsøya.

Det er foreløpig avtale med Skanska AS om levering av 60.000 tonn plastringsstein til fastlandssambandet Nordøyvegen som vil gi ferjefritt fastlandssamband for 6 øyar m.a. Haramsøya. Dei manglar god plastringsstein og har vurdert at fjellmassane på denne tomta egner seg godt til dette bruk.

Dette sambandet er såleis svært viktig for både øysamfunnet, bedrifta og grunneigaren.

### 2.2 Forslagstiller, plankonsulent, grunneigar


Grunneigar: Terje Aakre, Haramsvegen 353, 6290 Haramsøy.

Tiltakshavar: Aakre Anlegg AS, Haramsvegen 363, 6290 Haramsøy.

Plankonsulent: Ha-Plan AS, Strandgata 44 A, 6270 Brattvåg.

v/ sivilingeniør Hallgeir Wuttudal.

### 2.3 Lokalisering




Industritomta ligg på Åkre på vestsida av Haramsøya i Ålesund kommune.

## 3 Planstatus

### 3.1 Gjeldende reguleringsplanar

Området er ikkje regulert, men det er etablert ei bedrift for mekanisk industri på området.

Grunneigaren starta bedrifta i si tid som tilleggsinntekt til gardsdrifta. Bedrifta har etter kvart vorte utvida fleire gonger og er i dag den største industribedrifta på Haramsøya med om lag 20 tilsette.



### 3.2 Arealdelen av kommuneplanen.

Området er utlagt til industri på forslaget til ny arealdel av kommuneplanen for Haram som har vore ute til 2. gongs offentleg ettersyn.

Ettersom området på gjeldande arealplan er LNF-område er det søkt om dispensasjon fra gjeldande arealplan.

Grunnen til at grunneigaren ynskjer å starte med uttak av masser fra den framtidige industritomta før den nye planen blir stadfesta er at han no kan få levert steinmasse til fastlandssambandet Nordøyvegen som treng store steinblokker til plastringssstein.

Vi anser at området egner seg godt til industriområde slik det også er vurdert i planhandsaminga for arealplanen. Det at det er bruk for steinmassane no til det store samferdselsprosjektet for Nordøyane bidrar også at dette blir eit samfunnsnyttig prosjekt i dobbel forstand. Dette bratte området egner seg heller ikkje til landbruksføremål.



Utsnitt av forslaget til areal del av kommuneplanen. Vestre del omfattar det etablerte industriområdet og austre del (med mørkast farge) kalla BN-17 på planen omfattar omsøkt område til industritomt.

### 3.3 Omliggande område

Industritomta ligg i eit landleg område ved fjellfoten med gardsdrift i nærområdet.



Flyfoto av området. Planlagt industritomt om lag midt på biletet.

### 3.4 Grunneigarar og naboeigedomar

Industritomta ligg på gbnr. 313/3. Eigar er Terje Aakre, Haramsvegen 353, 6290 Haramsøy. Eksisterande industritomt, gbnr. 313/75, er eigd av Aakre Industribygg AS, Haramsvegen 363, 6290 Haramsøy.

Naboeiendom mot nord, gbnr. 313/6, er eigd av Jon Åshammar Aakre, Haramsvegen 369, 6290 Haramsøy og naboeigedom mot sør, gbnr. 313/63, er eigd av Leiv Ove Haram, Haramsvegen 523, 6290 Haramsøy.

I tillegg grenser eigedomen gbnr. 313/3 til nokre teigar på fjellet som ligg meir enn 100 meter i luftlinje frå planlagt industritomt.

Dette gjeld eigedomane gbnr. 314/14, 314/13, 314/4 og 314/17.

## 4 Situasjonen i planområdet i dag

### 4.1 Kartgrunnlag

Kartgrunnlag frå Haram kommune i koordinatsystem UTM 32 med høgdedata NN2000 innhenta frå Haram kommune i november 2019.

### 4.2 Dagens arealbruk og tilstøtende arealbruk


Området nærmest eksisterande industriområde er avdekka og det er foretatt uttak av fjellmasser. Området ovenfor dette består av fjell med eit tynt vegetasjonslag.

På naboeigedomen mot nord (gbnr. 313/6) har Kystverket tidlegare teke ut fjellmasser for å bygge hamn på Austnes.

Tilstøytande areal er jordbruksareal, fjell og utmark.



Industriområdet sett frå nord.



*Fig. 4-1. Område der det har vore teke ut fjellmasser.*

#### 4.3 Dagens drift

Det er ikkje jamn drift med masseuttak i dag. Det har blitt sprengt ut masser når det er etter-spørsel etter dette. Massane blir sortert og nytta til fyllingar og vegbygging i lokalområdet. Mengde uttak har vore tilpassa etterspørsel etter masser og behovet for utvidingsareal for bedrifta.

Grunneigaren har ikkje primært vurdert dette som eit massetak, men som planmessig utviding av industriarealet etter kvart som behovet har meldt seg. Industriområdet er etablert på ein del av garden som ikkje er eigna til jordbruk. Salg av fjellmasser har vore ein nyttig del av finansieringa av industriutbygginga.

Dei høgaste fjellskjeringane er sikra med gjerde. Elles er ikkje området inngjerda eller avstengt i dag.

Det kryssar ei høgspentlinje over tomta som vil bli lagt i kabel før opparbeidinga av tomta starter.


## 5 Planlagt drift

### 5.1 Planlagt sikring

- Industritomta blir innegjerda med 2 m høgt flettverksgjerde.
- Låsbar port ved innkøyringa til anlegget.
- Skilting med «Anleggsområde: påbudt verneutstyr».
- Pallsikring: På stader der det ikkje er drift skal det leggast steiner/ steinranker på pallekant og framfor pallefot.
- På avslutta paller skal pallevægger reinskast, eventuelle større lause blokker skal sprengast/ piggast ned for å unngå uønska hendingar (skade på folk, maskiner etc.) Større slepper og bergparti som står i fare for utgliding må sikrast med boltar dersom dei ikkje kan takast ned.

### 5.2 Vegginkel, pallvinkel

**Figur 1:** Eksempel på endelig vegg i dagbrudd



**Tabell 2:** Eksempler på pallhøyde og hyllebredde ved vegginkel på 51°

Pallhøyde (m)	10	11	12	13	14	15
Hyllebredde (m)	8	9	10	10,5	11,5	12

Planlagte pallehøgder er 12 m og hyllebreidde 8,5 m. Pallene er planlagt utsprengt med helning 10:1 (dvs. pallvinkel på ca. 84 grader) og vegginkel på ca. 51 grader.

Sjå elles vedlagte snitt-teikningar og plan for etappevis uttak, fig. 6-1 til 6-4.

Avslutninga av tomta vil bli paller med høgde 12 m og helning 10:1 og tilplanta hyller med breidde 8,5 m.

### 5.3 Volum, årleg produksjon

Totalt volum fjell som er planlagt tatt ut i industritomta er ca. 60.000 m<sup>3</sup> fast fjell.

Alt fjetlet er planlagt utsprengt i løpet av 2020. Fjetlet vil bli sortert og lagra på tomta.

Det er forventa levering av ca. 30.000 m<sup>3</sup> fast fjell første året og 10-15000 m<sup>3</sup> pr. år dei neste åra slik at salg av masser er planlagt å foregå i 3-4 år inntil industritomta er ferdigstilt.

I tillegg til levering av sprengte fjellmasser vil det bli ein begrensa produksjon av knuste masser på tomta.

I hovudsak blir det levert sorterte grove steinmasser frå tomta:

- Plastringsstein 500 kg – 5 tonn.
- Mindre steinar til fyllingar.

I tillegg blir det ein begrensa produksjon av diverse sorteringar av knuste masser (pukk, singel og grus)

Egna masser blir nytta til grovplanering av tomta. Eventuelt overskot av finmasser/vrakmasser kan nyttast planering på tomta.

### 5.4 Avdekningsmasser og vegetasjon

Lausmasser og vegetasjon som gjenstår på tomta vil bli fjerna og nytta til å etablere ny vegetasjon på ferdige pallhyller, rundt tomta eller ein annan stad på garden.

### 5.5 Eksisterande produktlager og installasjonar



*Dagens situasjon (august 2019).*

På tomta blir fjellet avdekka og utsprengte masser blir sortert før levering til kjøparane i takt med etterspørselen etter masser.

## 5.6 Planlagte installasjonar og andre tiltak

Innleidt firma til sprengningsarbeid vil stille med 2 borerigger type Tamrock 550.

Akre Anlegg AS som vil stå for opplessing, sortering, transport m.m. vil nytte 2 stk. grave-maskiner Volvo 380 EL (42 tonn) og Volvo 480 DL (51 tonn), dumper Doosan DA40 (30 tonn) og hjullaster Volvo 180.

Dei har elles ståande eit sorteringsanlegg av type Keesticks K3 og ein knuser av type Håhjem 110 som vil bli nytta tidvis.

## 5.7 Ressursen, geologiske forhold

NGU sitt bergrunnskart N50 angir at bergarta i området består av:

Hornblenderik migmatittgneis, mørk, rik på amfibolittlag og linser



Berggrunnskart N50 fra NGU.

Erfaringane med tidlegare uttatte masser frå tomta er at dette er mekanisk sterke bergarter som høver godt til vegoverbygning, fundamentering m.m.

## 6 Berguttaket

### 6.1 Generelt om gjennomføringa

Uttaket er ei videreføring av eit eksisterande massetak/ uttak for etablering av industriareal. Massane skal i første omgang nyttast til plastringssstein for Nordøyvegen. Steintypen er ideell til plastringssstein ettersom fjellet er sterkt og lite oppsprukke og såleis kan takast ut som store blokker. Berget er grå/svart gneis som er ettertrakta vare.

At fjellet er fast gjer også at det blir tryggare å jobbe med og mindre behov for sikring. Ferdig industritomt er planlagt grovplanert på ca. kote 15,0 slik som området ved eksisterande industribygninga.

Stigning på fjellskjeringsar er planlagt å bli ca. 10:1 på både pallar og ferdig tomt. Uttaket er planlagt starta i nordaustre delen av tomta. Uttaksretning mot nordvest for alle etapper for å ta omsyn til bygningsmasser og sleppene i fjellet som går frå aust til vest og heller mot nord. Nærrområdet består av gardsbruk og det er langt til nærmeste bebyggelse. Maksimal uttaksdjupne blir ca. 33 m.

### 6.2 Etappevis uttak

Etappevis uttak er vist på snitt fig. 6-1.

Første etappe går ut på å etablere ein pall på kote 39 som vil markere ytre uttaksgrense for uttaket. Den øvre skjeringsveggen vil variere mellom 0 m i nord og inntil ca. 10 m mot sør.

Andre etappe vil omfatte heile tomtebreidda.

Pallen er planlagt etablert på kote 27 slik at pallhøgda blir 12 meter og hyllebreidda på kote 39 blir 8,5 m.

Tredje etappe er siste etappe og omfattar uttak ned til planlagt tomtenivå på kote 15. Pallhøgda blir 12 m og hyllebreidda på kote 27 blir 8,5 m.

Ferdige pallhyller blir påfylt jordmasser og tilplanta med vegetasjon frå området.




Fig. 6-1. Snitt 1 som viser plan for etappevis uttak av industritomta.




Fig. 6-2. Plan for uttak av etappe 1.




Fig. 6-3. Plan for uttak av etappe 2.




Fig. 6-4. Plan for uttak av etappe 3.

### **6.3 Planlagt opprydding og sikring under drift**

Det blir utført fortløpende istandsetting og sikring av ferdig utteke areal.  
Renskemasser som består av leire, silt og lyng blir brukt som støyvoller rundt området.  
Eventuelle tre blir kappa og køyrt bort.  
Etter at fjellet er ferdig reinska blir det oppsett sikringsgjerde.  
Under drift blir det permanent gjerde for å sikre området.  
Steinanker på pallekant og framfor pallefot.

## **7 Avslutning av berguttaket**

Berguttaket skal avsluttast som ei grovplanert industritomt.  
Det må sørget for at inngjerdinga mot fjellskjeringa er intakt, samt rensking og sikring av eventuelt laust fjell i skjeringane.  
Fjerning av konstruksjoner, infrastrukturer og skrot.  
Påfylling av jordmasser planting i pallhyller.  
Eventuell skade på omliggande areal må tilstellas.




Fig. 7-1. Oversiktskart over avslutta masseuttak klargjort til industritomt.




Fig. 7-2. Snitt 1 for avslutta masseuttak klargjort til industritomt.




Fig. 7-3. Snitt 2 for avslutta masseuttak klargjort til industritomt.

## 8 Overvatn - Reinsing

I samband med at Kystverket tok ut fjellmasser på nabotomta, gbnr. 313/6 på nordsida av denne industritomta vart det etablert avløp til sjøen, og etablert sedimentteringsbaseng for klarning av siget frå masseuttaket. Dette anlegget er framleis intakt og vil bli nytta også til denne tomta.

Under tidlegare uttak av masser har det vore erfaring med at det er lite vass-sig frå området.

Som vedlikehald skal det fjernast/ gravast ut sediment i bassenget ved behov. Dette er spesielt aktuelt etter nedbørsrike periodar. Ved oppfylling av sediment i bassenget vil det ikkje fungere slik det er tenkt og kan forureine resipienten (sjøen).




Fig. 8-1. Prinsipp for handtering av sigevatn som inneholder slam.

## 9 Omsyn til natur og omgivnader

Det meste av industritomta er allereie avdekt til fjell og det er utteke fjellmasser.

Berre ca. 2,7 dekar av tomta ligg igjen som naturområde. Her er det eit tynt vegetasjonsdekke med litt små busker over fjellet.




Fig. 9-1. Grønt areal viser den delen av tomta som ligg som naturområde i dag.




Fig. 9-2. Utskrift frå NVE Atlas.

### 9.1 Naturfare

Industritomta berører så vidt aktsomheitsområdet for snøskred og steinsprang (NGI). Ved bygging på tomta må dette vurderast.

### 9.2 Naturmangfold

Det er søkt i artsdatabanken. Det er ingen registrerte område for arter av stor forvaltningsinteresse, freda eller trua arter innanfor tomteområdet.

Det er heller ikke verdifulle kulturlandskap eller viktige naturtyper.

### 9.3 Risiko for skade på omgivelser

Akre Industribygg sine bygningar ligg i nærleiken av tomta. Elles er det meir enn 100 meter til dei nærmaste bustadhusa. Sprengningsansvarleg er ansvarleg for å planlegge salver for å unngå steinsprut utover tomteområdet.

### 9.4 Skjerming, motorstøy, støv og innsyn

Det vil bli brukt nyare motorredskap med euro 5 og 6 motorer som støyer lite.


Det blir brukt vanntåkeutstyr for å hindre støv ved masseuttak på fineversdager. Reinskemasser vil bli nytta til støyvoller rundt anleggområde.


## 10 Referanser


- Direktoratet for mineralforvalting: *Sjekkliste for driftsplan, versjon 1.0 – sist revisert 07.11.2016.*
- Direktoratet for mineralforvalting: *Driftsplanveileder, revisjon 1.1 – 11. august 2016.*
- Klima og miljødepartementet: *Forurensingsforskriften (2004).*
- Miljødirektoratet: *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016).*


## 11 Vedlegg – Driftsplanen sin teikningsdel


Teikningsnr.	Tekst	Målestokk	Format	Dato
Vedlegg 1	Områdekart			
Vedlegg 2	Forlag til ny arealdel av kommuneplanen for Haram (innlemma i Ålesund).			
1934-01	Dagens situasjon	1:1500	A3	07.02.2020
1934-02-1	Uttaksplan etappe 1	1:1000	A3	28.02.2020
1934-02-2	Uttaksplan etappe 2	1:1000	A3	28.02.2020
1934-02-3	Uttaksplan etappe 3	1:1000	A3	28.02.2020
1934-03	Avslutningsplan	1:1000	A3	28.02.2020
1934-F1	Snitt etappevis uttak	1:500	A3	28.02.2020
1934-F2	Snitt ferdig industritomt	1:500	A3	28.02.2020











Rev.	Revisjonstekst	Sign.	Rev. dato

Aakre Anlegg AS

Haramsvegen 363, 6290 Haramsøy



Driftsplan:

INDUSTRITOMT PÅ GBNR. 313/3 PÅ ÅKRE  
PÅ HARAMSØYA I ÅLESUND KOMMUNE  
SNITT ETAPPEVIS UTTAK

Teikningsnummer :	Revisjon:	Målestokk:	Teikna av:	Kontrollert:	Dato:
1934-F1		1:500 (A3)	HW		28.02.2020

**HA-PLAN AS**  
VEGPLANLEGGING - VA-ANLEGG  
REGULERING - PROSJEKTADMINISTRASJON

**HA-PLAN**  
SIVILINGENØR  
HALLGEIR WUTTDAL  
Strandgi. 44A, 6270 Brattvåg  
Tlf: 70 21 80 11 / 412 87 040  
Epost: hallgeir@haplan.no  
Hjemmeside: www.haplan.no



## 2. Arealdel av kommuneplanen for Haram (ikkje endeleg vedtatt)

